



**Når kjellaren i Gamleskulen no står framfor ein omfattande renovering, kjem mange på minner dei har som er knytt til kjellaren.**

**Seinast for 16 år sidan var ein rehabiliteringsplan på gang og det vart lansert idear om ein sambruksmodell utan at det kom noko meir utav det.**

**Men lengre attende i tid var det i høgaste grad sambruk. Det skal vi koma attende til når vi fyrst har vore innom korleis kjellaren vart til.**

Det var i året 1900 tomta vart skyldsett med fullføring av huset 2 år etter.

I samband med byggjinga hadde krinsstyret møte med bygdefolket der dei var samde om at ein måtte prøva å få bygd kjellar under den nye skulen. Men dei fekk ikkje kommunen med på det og difor vedtok krinsen å grava ut og mura kjellar for eigen rekning - det vil seia på dugnad. Og det angra dei ikkje på. Kjellaren vart ,mykje brukt. mellom anna til matserving på festar i ungdomslaget og andre lag. Det var med andre ord eit svært vellukka prosjekt.

Dessutan hadde skulen bruk for kjellaren då det skulle haldast sløydkurs for vaksne, som gjekk på omgang i kommunen. Den heldt lærar, høvelbenkar, dreiebenk og verkøy. Seinare

vart sløyd skulefag og då vart kjellaren nytta til faget og også til andre skuleføremål.

Skulehuset vart i det heile mykje nytta til møter og basarar inntil det nye Helgheim vart bygt i 1934, men også etter det. På lemen hadde til dømes fråhaldslosjane fast møterom i likheit med den kristelege ungdomsforeininga.

Har du minner frå Gamleskolen med kjellar? Skriv litt om det!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen